



Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	26/370-5 /ELITVE/26/10983	FA-S05	24.03.2026

Uttale til konsesjon for uttak av vatn for Histeinselva og Støselva

Kommunestyret har i møte 18.03.2026 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 016/26:

Ullensvang kommune gjev uttale som vedlagt i dokumentet "*Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva*".

Helsing

Elisabeth Pettersen Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Vedlegg

Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva.pdf

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 – 15.00
Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss

Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no





Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	04.03.2026	018/26
Kommunestyret	18.03.2026	016/26

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	26/370 – 2
Elisabeth Pettersen Tveit	Journalpostnr.	26/4088

Uttale til konsesjon for uttak av vatn for Histeinselva og Støselva

Vedlegg
Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva.pdf
Høyringsbrev.pdf
Konsesjonssøknad Støselva.pdf
Konsesjonssøknad Histeinselva.pdf

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Vassressurslova

Tilråding frå rådmannen:

Ullensvang kommune gjev uttale som vedlagt i dokumentet "*Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva*".

Kommunestyret 18.03.2026

Røysting:

Tilrådinga frå utval for samfunn, plan og næring vart samrøystes vedteke.

KST – 016/26 Vedtak

Ullensvang kommune gjev uttale som vedlagt i dokumentet “*Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva*”.

Utval for samfunn, plan og næring 04.03.2026**Røysting:**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

USPN – 018/26 Vedtak**Tilråding:**

Ullensvang kommune gjev uttale som vedlagt i dokumentet “*Ullensvang kommune sin uttale til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva*”.

Saksopplysningar:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt to søknadar frå Ullensvang kommune v/ verksemd for vatn og avløp på høyring. Det vert søkt om løyve etter vassressurslova til uttak av vatn i Støselva som hovudvasskjelda og Histeinselva som reservevasskjelda. Frist for uttale er 16.03.2026.

På grunn av venta auka tal hytter på Seljestad, skal Seljestad vassverk oppgraderast med nytt vassbehandlingsanlegg og reintvassbasseng. Vasskjelda skal etter 2030 òg sikra tilstrekkeleg med sløkkjevatt for Røldalstunnelen på E 134.

Støselva:

Det er ikkje planlagt minstevassføring i Støselva. Ei strekning på 25 m i Støselva kan verte turrlagt i periodar med høgt vassforbruk og liten vassføring. Som kompensering tiltak er planen å byggja ein liten lausmasseterskel for å sikra ein vasspegel på strekninga.

Histeinselva:

Det er søkt om eit maksimalt uttak på 32 l/s, men det vil vera store variasjonar gjennom året. Det er planlagt alminneleg lågvassføring som minstevassføring. Vassinntaket skal byggjast under elvebotnen utan oppdemming av vatn.

Vurdering:

Rådmannen har valgt å skriva sjølv uttalen i eit eige dokument sidan fristen for å koma med uttale er før kommunestyret. Uttalen vert oversendt til NVE før den har vore til politisk handsaming i Kommunestyret for å rekke fristen. Eventuelle endringar i uttalen etter politisk handsaming vert ettersendt.

Vassbehandlingsanlegget på Seljestad skal oppgraderast med nytt vassbehandlingsanlegg og reintvassbasseng. Det skal løyse utfordringar rundt sløkkevatn til Røldalstunnelen og framtidig utbygging av hytter på Seljestad.

I forarbeidet til planprosessen vart andre alternativ undersøkt, men desse vart vurdert til å vera dårlegare enn omsøkt tiltak mtp. naturmangfald og generell påverknad i området. Det er lagt opp til fleire avbøtande tiltak, men tiltaket vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet. I denne saka veg omsynet til samfunnstryggleik tyngre enn omsynet til mellom anna naturmangfaldet.

Ullensvang kommune er positiv til søknad om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva.

Samandrag konklusjon:

Rådmannen er positiv til søknaden om uttak av vatn i Støselva og Histeinselva.